

Inn på tunet eit godt tilbod

14.09.2013

I Kvinnherad og då også i Uskedalen er det fleire døme på vellukka dagaktivitetar på gard. Forskarar og tilsette i helsevesenet har vore på studietur og sett på 3 ulike Inn på tunet-tilbod. Kommunane må i framtida ta hand om fleire eldre og då ikkje minst demente. Eit nystarta tilbod er her i bygda og det er det Anne Kari Rørheim som står for.

Ho er sjølv vernepleiar og dermed rusta til å ta imot demente. Dette dagtilbodet skal no evaluerast. Studieturen gjekk ellers innom tilboda til Fausk gard og Erslandsgarden.

No skal aktivitetane justerast. Ved å auka til 2 tilsette kan talet på brukarar aukast til 5 heimebuande med demens i tidleg fase. På biletet over er deltakarane i studieturen samla.